

KLIMA- ENERGIPLAN for Midt-Telemark

Kva kan vi bidra med?



Folkeutgåve

INNLEIING

Klima og energispørsmål har blitt sett høgt på den globale dagsordenen dei siste åra. Våre utslepp av klimagassar er i ferd med å skape alvorlege klimaendringar.

Sjølv om vi framleis kan ha svært kalde vintrar, i Noreg og andre stader i verda, så har den globale middeltemperaturen auka dei siste 50 åra, og vi veit at menneskeleg aktivitet påverkar denne.

Nome, Bø og Sauherad har laga klima- og energiplanar med mål for reduksjon av utslepp og energibruk. Skal vi nå desse måla, treng vi di hjelp. Denne brosjyra inneheld tips om korleis vi kvar for oss kan bidra til felles beste.



I PRAKSIS KAN VI SJÅ AT VÊRET KAN ENDRE SEG FRÅ DAG TIL DAG OG FRÅ TIME TIL TIME.
KLIMA ER GIENNOMSNITTSVÊR OVER EIN LENGRE PERIODE (NORMALT 30 ÅR).
ENDRING AV KLIMA BETYR I PRAKSIS ENDRING AV VÊR OVER TID.

Fullstendig versjon av Klima- og energiplan for dei tre kommunane finn du her:
www.bo.kommune.no
www.nome.kommune.no
www.sauherad.kommune.no

KVA FØRER KLIMAENDRINGAR TIL?

”Varmare, våtare og villare”

Lokalt:


- ◆ Stigande gjennomsnittstemperatur
- ◆ Meir vekslande vær/ekstremvær
- ◆ Oftare kraftig nedbør
- ◆ Auka skredfare
- ◆ Nye skadeorganismar i jordbruket

Globalt:

- ◆ Tap av landareal og risiko for flom
- ◆ Vêret blir meir ekstremt
- ◆ Tap av dyre- og planteartar
- ◆ Endra vilkår for jordbruk
- ◆ Endra sjukdomsbilete
- ◆ Fleire klimaflyktningar

Til ein vis grad vil dei lokale og dei globale endringane gå over i kvarandre.

Her kan du sjå endring i global middeltemperatur frå 1880 til 2009




Kjelde: GISS (underavdeling av NASA)



Utslepp av klimagassar

Verdas klimamål er at global gjennomsnitts-temperatur ikkje skal vere høgare enn 2° C over nivået i år 1750. FN sitt klimapanel seier at skal vi nå dette, må utsleppa reduserast med mellom 50 og 85 prosent innan 2050 i forhold til nivået i år 2000.



Kjelde: Naturressurser og Miljø 2009 og www.pbl.nl/en/publications/2009/Global-CO2-emissions-annual-increase-halves-in-2008.html.

Det er store forskjellar på kor mykje CO₂ som kvar enkelt innbyggjar slepper ut. I Noreg var utsleppet i 2008 ca. 8,6 tonn CO₂ per person. Dette er ca. halvparten av kvar amerikanar, men 7 gonger så mykje som kvar person i India. Innbyggjarane i Midt-Telemark slepper ut om lag like mykje CO₂ som gjennomsnittet i Noreg.

Lokalt er det særleg bruk av bil som er med på å dra utsleppa opp. Det betyr at redusert bruk av bil er blant dei tiltaka som hjelper mest.

Ein bil som kjører 15000 km i året slepper i gjennomsnitt ut 2,5 tonn CO₂.

Kva er ditt CO₂-utslepp per år?
Ta test: www.klimaklubben.no

KVA KAN VI BIDRA MED?

Alle kan bidra litt til mindre utslepp av klimagassar og lågare energibruk. Ein del tiltak som er bra for miljøet, vil også føre til at ein kan spare pengar.

Reduser forbruket av strøm

- ◆ Bruk sparepærer/LED-pærer.
- ◆ Reduser bruk av varmt vatn, bruk sparedusj.
- ◆ Bruk automatisk regulering av temperaturen i huset.
- ◆ Senk temperaturen i huset om natta.
- ◆ Reduser varmetapet frå bustaden din ved hjelp av isolasjon. Bruk gjerne trelags vindauge, tetningslister og tilpassa ventilasjon.
- ◆ Bruk alternativ oppvarming om du kan. Aktuelle løysingar kan være ved, pellets, solfangrar eller riktig bruk av varmepumpe.
- ◆ ENOVA har støtteordningar til ein del tiltak i private bustadhus.

For meir informasjon sjå:

<http://hjemme.enova.no>

[www.husbanken.no](http://husbanken.no)

**Eller ring ENOVA gratis på telefon:
800 49 003**

Tabellen syner samanlikning av kostnad for innkjøp og bruk av sparepære og glødepære. Som vi kan lese av tabellen, kan ein spare kr 460,- ved å velje sparepære. Tabellverdi i kroner.

| | Sparepære | Glødepære * |
|---------|-----------|---------------------|
| Innkjøp | 11W | 60W |
| Bruk | 50,- | $4 \times 5 = 20,-$ |
| Sum | 110,- | 600,- |
| | 160,- | 620,- |

*= Ein treng 4 glødepærer a kr 5,- for å oppnå lik levetid som for ei sparepære.

Gode råd om bruk av bil

- ◆ Redusere bruk av bil.
- ◆ Kjør saman med andre når du kan.
- ◆ Ikkje kjøp større bil enn du treng.
- ◆ Kjøp bil som brukar lite drivstoff.
- ◆ I åra som kjem vil elbil og hybridbil bli meir aktuelt.
- ◆ Tenk økokjøring.
Ta test: <http://okokjoring.campaign.webscape.no>
- ◆ Bruk sykkel eller gå når du kan.

46 % av bilturane er kortare enn 5 km.

Visste du at det å ha ein mellomklassebil i sum kostar ca. kr 80.000,- i året?

Kan familien klare seg med ein bil?



Reiser og ferie

- ◆ Reis kollektivt om du kan.

Visste du kor mange avgangar vi har i Midt-Telemark i døgnet?

| Bø | Ulefoss | Gvarv | Nordagutu | Lunde |
|-----|---------|-------|-----------|-------|
| 100 | 61 | 51 | 48 | 38 |

Sjå: www.midt-telemark.no/kollektiv

Tog er eit godt alternativ til bil og fly på feriereiser. Du kan nå mange spennande reisemål også med tog nedover i Europa.



På ferie kan du velje overnatting på stader som har Miljøfyrtårnsertifisering.

Miljøfyrtårn er eit norsk sertifikat for små og mellomstore bedrifter basert på bestemte miljøkrav til kvar bransje.

Sjå gjerne også: www.miljofyrtarn.no



Ein flytur til Thailand svarar til 1 ½ års bilkjøring målt i CO₂.

Forbruk og avfall

- ◆ Sjå etter miljømerkte varer, for eksempel svanemerket.
- ◆ Kjøp energieffektive kvitevarer, sjå etter energiklasse.
- ◆ Sjå etter kortreist mat.
- ◆ Bruk meir grønt og mindre kjøtt.
- ◆ Kjøp kvalitet og ting som kan reparerast.
- ◆ Kjøp brukta.
- ◆ Gi bort klede og ting du ikkje treng.
- ◆ Bruk handlebag/færre plastposar.
- ◆ Rester er også mat.
- ◆ Kan du låne eller leige ting du ikkje har bruk for så ofte?
- ◆ Kjeldesorter avfallet.
- ◆ Takk nei til reklame i posten.

Vi kastar 50 % meir mat nå enn for 10 år sidan.

For å lage 1 kg plast trengst 2 liter olje.

All vareproduksjon gir klimagassutslepp.



HER KAN DU FINNE MEIR INFORMASJON

Gode råd og tips for å spare energi og vere klimavennleg

Enova www.enova.no

Grønn Bil www.gronnbil.no

Grønn Hverdag www.gronnhverdag.no/

Klimaklubben www.klimaklubben.no

Klimaløftet www.klimaloftet.no

Kollektivtilbod i Midt-Telemark www.midt-telemark.no/kollektiv

For dei yngre

Miljøagentane har lokallag i Bø www.miljoagentene.no

Klima- og energisider for barn www.regnmakerne.no

Quiz om miljø og energi, for alle aldre www.ssb.no/spill/miljø/

Fagstoff

Bjerknessenteret, Universitetet i Bergen www.bjerknes.uib.no

CICERO, Senter for klimaforskning, Universitetet i Oslo www.cicero.uit.no

FN sitt klimapanel (IPCC) www.ipcc.ch

Klima- og forurensningsdirektoratet www.klif.no

Miljøstatus i Norge www.miljostatus.no

Fullstendig versjon av Klima- og energiplan for dei tre kommunane

www.bo.kommune.no

www.nome.kommune.no

www.sauherad.kommune.no

Aktuelle bøker

"Klima - kva skjer". Ole Mathismoen. Font forlag 2007.

"Klima, energi og miljø". Arne Myhre. Universitetsforlaget 2008.

"Litt grønnere. 365 ting du kan gjøre for miljøet". Grønn Hverdag. J. M. Stenersens forlag 2007.



Bø kommune
Nome kommune
Sauherad kommune
Midt-Telemarkrådet

Grafisk formgjør og illustratør: Sigrun Flatland, elev på medier og kommunikasjon, Bø vidaregåande skule avd. Seljord.
Trykt på resirkulert svanemerkt papir.